



DEN NORSKE KYRKJA
I ULLENSVANG

MØTEBOK FOR JONDAL SOKNERÅD

Møtedato: 02.12.2020	
Frå sak nr. 45/20, 46/20, 47/20, 42/20, 43/20, 48/20, 49/20	Møtestad: Jondal kyrkje, kyrkjerommet
Underskrifter: Protokollen vert underskriven av leiar og lagt fram for godkjenning i neste møte.	
Leiar Cecilie Stærnes	Nestleiar Anne Røymstad
Sekretær Karin Anne Utheim Gangdal	Kasserar Ingebjørg Grøtt
Medlem Åse Marit Jørgensen	Medlem
Medlem	Medlem
Geistleg representant	Vara: Maria Eide
Forfall til møtet: Arild Hellesøy, Marit Hesvik	

Utskrift sendt til: Medlemar, 1. varamedlem og kyrkjekontoret i Kinsarvik.
Kyrkjekontoret sender referat vidare til: Kyrkjeverja, tilsette i soknet og prosten i Hardanger og Voss prosti.

Nedanfor føl sakene som har vore til handsaming i møtet.

Meldingar:

Orientering – Årsmøtet v/Cecilie.

Møtet vart avlyst grunna koronatiltak. Det var dåp same dag og kyrkjelyden vert ikkje godt nok representert om det berre er lov å ha 50 i kyrkja. Alternativ: Årsmøte 2020 i januar/februar eller ha årsmøte for 2020 og 2021 hausten 2021.

Orientering – 2020 v/Anne. Oppsummering av året 2020

Året 2020 har vore krevjande og utfordrande på ulike måtar. Alle var nye i soknerådet.

Korona har påverka av arbeidet. Det har vore mykje fokus på smittevern.

Vi har vore i gjennom ei stor omstilling- kommunesamanslåing, med både positive og utfordrande element .

Når vi sa ja til å vere med i soknerådet sa vi ja til å vere med å påverke innhald og aktivitet i vårt sokn.

Kjernerollen eller oppgåva vi har som medlem i soknerådet handlar om å ta avgjersler og om å setje tydelege mål for arbeidet. Deretter styre i den retning som er bestemt slik at det gir grobott for utvikling og vekst. Soknerådet skal påverke og legge til rette for aktivitet i kyrkja vår slik at kyrkja sine medlemar kjenner seg heime i gudstenesteliv og fellesskap.

Mange oppgåver skal løysast av oss som sokneråd. Saman kan vi finne gode løysingar som gir vekst og utvikling i vår kyrkjelyd.

Orientering - Årshjul.

Årshjul vil vere eit godt arbeidsreiskap for soknerådet. Soknerådet vil lage ein plan for neste års arbeid.

Orientering frå prost Arild Hellesøy.

Soknepreststillinga Jondal/Utne blir utlyst. Tilsetjing blir 15mars 2021.

Frå 1.mars og fram til ny sokneprest er på plass vil Arne Opsahl-Engen fungere som sokneprest i Jondal. I januar og februar vil prost Hellesøy fortsette som geistleg representant i soknerådet. Tom Sverre Tomren vil forrette gudstenestene i januar. Februar er ikkje avklart endå.

Saker:

45/20 Godkjenning av innkalling og saksliste

46/20 Godkjenning av protokoll frå møtet den 23.09.20

47/20 Val av ny leiar

Val av ny nestleiar

42/20 Jul – arrangement i tilknytning til jul – noko nytt? v/smitteverngruppa

43/20 Søknad om offergåver 2021 v/Ingebjørg og Karin

48/20 Offerlista for 2021 v/Ingebjørg og Karin

49/20 Eventuelt

Sak 45/20 Godkjenning av innkalling

Vedtak:

Innkalling til møtet den 02.12.2020 vart samrøystes godkjent.

Sak 46/20 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokoll/ møtebok frå møtet den 04.11.2020 vart samrøystes godkjent.

Sak 47/20 Val av ny leiar, Val av ny nestleiar

Kort utgreiing om saka:

Kvart år skal leiar og nestleiar veljast på nytt. Fyrst skal leiar veljast, deretter nestleiar.

Leiar for året 2020 kan be om fritak for å verta vald i 2021. Leiar ber om fritak.

Alle i soknerådet utanom leiar kan veljast til leiar.

Anne Røymstad sa seg villig til å vere leiar, Åse Marit Jørgensen sa ja til å vere nestleiar.

Vedtak:

Anne Røymstad vart valt til ny leiar

Åse Marit Jørgensen vert ny nestleiar.

Vedtaket vart gjort samrøytes

Etter val av ny leiar og nestleiar er dette Jondal Sokneråd:

Leiar: Anne Røymstad

Nestleiar: Åse Marit Jørgensen

Kasserar: Ingebjørg Grøtt

Sekretær: Karin Utheim Gangdal

Styremedlem: Cecilie S.Stærnes

Styremedlem: Marit Hessvik

Vararepresentantar til Jondal Sokneråd er i denne rekkjefølgje:

1.vara: Maria Eide Sørheim

2.vara: Asta Nøkland

3.vara: Kristine Utheim Gangdal

4.vara: Anna Skogseth

42/20 Jul – arrangement i tilknytning til jul

Kva arrangement kan gjennomførast? Må noko avlysast? Gjerast annleis? Påmelding? Annonse?

Kort utgreiing om saka:

Kyrkja fylgjer nasjonale retningslinjer når det gjeld smittevern. No er det høve å vere 50 personar på gudstenestene og andre kyrkjelege arrangement.

I desember er det planlagt fleire arrangement i kyrkja i tillegg til gudsteneste på julaftan.

Arrangementa er godkjent av prost Hellesøy.

Konsert med Brødrene Nordstrand 5. desember

Adventskonsert 18.des.

Orgelkonsert

Det er påmelding til alle arrangement

Det er kome ynskje om å ha 2 gudstenester på julaftan.

Det er ulik praksis i Ullensvang prestegjeld kva arrangement som blir gjennomført. I dei andre kyrkjene er det meste avlyst. Smittevernutvalet i soknerådet har sendt mail til Fellesrådet. Det er ynskje om å ha mest mogleg lik praksis i dei ulike sokna. Det er ikkje kome svar på mailen.

Vedtak:

Det var delte meiningar innad i soknerådet om 2 gudstenester på julaftan. Fleirtalet meiner det bør vere ein gudsteneste slik som planlagt.

Sak 43/20 Søknad om offergåver

Kirkens SOS og Sygna VGS søker om å stå på lista over offerorganisasjonar i 2021

Forslag til vedtak:

Sak 43/20 utsett til møte i januar. Det er ei liste over offerorganisasjonar for 2021. Ingebjørg og Karin les seg opp på desse organisasjonane.

Vedtak:

Gjennomgang av søknader om offergåver utsett til neste møte i januar. Ingebjørg og Karin gjer seg kjent med dei ulike søkjarane.

Sak 48/20 Offerlista

Ingebjørg og Karin skulle lage forslag til offerliste for 2021. Det er kome inn fleire søknader om offergåver som ikkje er blitt vurdert. Saka utsett til møte i januar. Forslag om offer til kyrkjelydsarbeidet på første gudsteneste i 2021.

Vedtak:

Forslag til offerliste for 2021 vert utsett til neste møte i januar 2021. Offer til kyrkjelydsarbeidet på første gudsteneste i 2021

Sak 49/20 Eventuelt

Juletre i kyrkja på julaftan.

Kyrkjetenar pyntar juletreet. Ho ynskjer hjelp av soknerådet viss nokon kan vere med. Trete blir pynt mellom 17. og 23. desember.